



**Sogn
Cykleklubb**

ÅRSMELDING 2017

1 OPPSUMMERING AV SESONGEN 2017

Trening:

Treningsplan vart lagt ut på klubben si facebook-side. Vi starta felles laurdagstrening 21. mars 2017. Vi la opp til tre ulike nivå/grupper med følgjande kapteinar:

Gruppe 1: Erik Stedje, Geir Orrestad

Gruppe 2: Stig Vattekar, Jon Stede

Gruppe 3: Karin Furuli og Catherine Stigen Bøen

Frammøtet på laurdagstreningane har vore variabelt. Gruppe 3 fungerte i praksis ikkje. Vi køyrde også ofte felles trening for gruppe 1 og 2 da det var litt for lite folk som møtte.

I tillegg starta Vegards Kreftråkk opp med søndagstreningar. Her var alle frå Sogn ck velkomne til å delta.

Tysdag og Torsdagstreningane vart lagt opp til meir intervallbasert trening; både i bakke og flatt. Her har det vore forholdsvis bra frammøte, særleg fyrste del av sesongen.

Satsing på unge syklistar:

Klubben har i 2017 fått søknad frå og gitt støtte til følgjande unge syklistar:

- Thristan Engebø Ullebø (Landeveg, G15)
- Jørgen Sekse (Landeveg G12)
- Johannes Lund (Enduro)

Thristan har hatt ein bra sesong i klasse G15/16, med mellom anna 3. og 4. plass i Ungdomsmesterskapet. Thristan har framleis fokus på allsidighet og hevdar seg bra også i langrennssporet.

Jørgen har hatt ein bra sesong i klasse M11-12, med mellom anna 3. plass på fellesstart i Ungdomsleikane på Ringerike. Jørgen legg og vekt på allsidighet og er aktiv i både langrenn og fotball.

Sedrik Kauppi Norheim (G13) og Jacob Haara (G12) i 2017 delteke i sine første sykkelritt i Bergen Ritthelg (3 ritt) og Fana 3-dagers (4 ritt). God innsats og flott erfaring.

Johannes har sykla Enduro i 3-4 år og har i år auka satsinga si, men prøver framleis å halda på leiken i det. Dette viser att i gode resultat. I år har han mellom anna fått prøve seg mot verdas beste på ritt i Enduro World Series i Italia

Sedrik Engebø Ullebø sykklar for Sogn CK/UNO-X Hydrogen Development Team. Han har hatt ein trøblete sesong med skader/sjukdom/overtrening. Sedrik har eit stort potensiale og vi håpar på ein problemfri og god komande sesong.

Turritt:

Medlemmane har vore med på diverse turritt denne sesongen, bl.a Bergen-Voss (ikkje so mange som før), Nordfjordrittet (satsingsritt i år), Voss-Geilo mm. Det kan likevel virke som færre deltar på turritt enn før. Hilde Asperheim nr. 3 totalt i kvinneklassen i Nordfjordrittet.

Arrangement:

I 2017 arrangerte Sogn CK det 27. Jotunheimen Rundt og det 20. Sognefjellrittet.

Ritta er krevjande å arrangere og styret for JR og alle frivillige har gjort ein kjempejobb! Eigen årsmelding.

Sesongavslutning:

Sesongen vart avslutta 21. oktober med felles fottur til Molden frå Marifjøra, og deretter fest på Kafe Krydder i Sogndal. Ein flott dag og kveld!

2 STYRE OG STELL

Styret i Sogn CK har i 2017 bestått av:

Leiar: Cathrine Stigen Bøen

Kasserar: Stig Vattekar

Styremedlemmar: Erik Sannebro, Trond Sekse og Sondre Teigen Lillebostad

Sekretær/referent: Trond Sekse

Lager og utstyr: Erik Sannebro

Sportslege arrangement: Sondre Teigen Lillebostad

Varamedlemmar: Hilde Asperheim og Oddne Skrede

Revisor: Deloitte

Valkomite: Knut Kjærvik (leiar), Weronica Øvstetun, Reni Herland, Kjetil Melheim.

Styret har i perioden hatt 5 styremøte. Styret har og fungert som styringsgruppe for JR.

2.1 MEDLEMMER

104 betalande medlemmar.

2.2 SPORTSLEG UTVAL

Vi har ikkje hatt sportsleg utval i år, men styret har fått utarbeidd treningsplan.

Trond arrangerte gateritt på Kaupanger i juni, med 5 unge deltakarar.

Sondre arrangerte Dalavatnet rundt

2.3 SPONSORAR

Klubben har ikkje hatt sponsorar som har gjeve direkte pengestøtte i 2017. Dette etter eit styrevedtak i 2015 om å styre sponsinga inn mot rittet Jotunheimen Rundt, som ein da vurderte som ei langt større merkevare. Klubbdrakta er difor fri for sponsor/reklame, men har logoen til rittet vårt. Det er ikkje gjort arbeid gjennom Jotunheimen Rundt for å auke sponsorinntekter i etterkant av vedtaket i 2015.

2.4 ØKONOMI

Sogn CK har ein svært solid økonomi:

- Vi har fått inn eit godt bidrag til klubben gjennom Link Bingo. Vi har imidlertid fått melding om at dette vil opphøyre frå 2018.
- Klubben får inn ein liten skjerv frå grasrotandel.

Dette saman med inntekter knytt til Jotunheimen Rundt gjer at klubben sit i ein svært god økonomisk situasjon.

3 AKTIVITETAR

3.1 TURGRUPPA

Som nemnt i oppsummeringa, har det i praksis kun vore ei turgruppe i år, der ein har prøvd å styre fart/lengde på laurdagsturane etter kven som har møtt opp. Det har tidvis fungerte greitt, men det blir i utgangspunktet for lite med ei gruppe når nivået på dei som møter er såpass ulikt.

3.2 SPINNING

Spinning på Idrettssenteret i Sogndal har blitt køyrt av Weronica på tysdagar både sesongen 16/17 og no 17/18. Klubben har avtale med idrettssenteret om eigen drop-in pris.

4 ARRANGEMENT

4.1 JOTUNHEIMEN RUNDT OG SOGNEFJELLSRITTET 2017 (EIGEN ÅRSMELDING)

4.2 TOUR OF NORWAY FOR KIDS 2017

Tour of Norway for Kids blei arrangert i sentrumsparken i Sogndal 10.06.2017.

Heile 279 syklistar fekk på seg startnummer og t-skjorte, og klinka til gjennom saftbygdas lange strekker og krappe svingar. Sogn CK sørger for at alle deltakarane fekk premiar etter endte rundar. Berge og Co sørger for at alle syklistane hadde ein skikkeleg leiarbil framføre seg. Ein super dag for syklistar og publikum. Vi hadde litt for få frivillige som stilte opp som vakter.

4.2 DUGNAD FOR TOUR DES FJORDS 2017

Flere medlemmer var med på dugnad for Tour Des Fjord i Balestrand, og hjalp til med barnerittarrangementet like før start etappe 1. Nokre nytta etterpå høvet til å sykle første del av løypa opp til utsikten på Gaularfjellet. I tillegg var to medlemmer i klubben med på merking av løypa på alle distansar fram til målgang i Stavanger.

5 EIT UTVAL RESULTAT FRÅ AKTIVE SYKLISTAR I KLUBBEN

5.1 THRISTAN ENGEBO ULLEBØ (M15-16)

- Grenland Petit Prix nr. 2 samanlagt
- Tønsberg 3-dagars nr 11 samanlagt
- Roserittet nr 5, 7 og 13
- Ungdomsmesterskapet nr 3 og 4
- Eidsvollrittet nr 11 og 12
- U6 etapperitt i Sverige nr 19 samanlagt (av ca. 120)



5.2 JØRGEN SEKSE (M11-12)

- Ungdomsleikane nr 3 på fellesstart og nr 7 på tempo
- Roserittet nr 4, 5 og 6
- Fana 3-dagars nr. 1, 1, 3 og 3
- Bergen ritthelg nr 2, 2 og 3
- Eidsvollrittet nr 3 og 7



5.3 JOHANNES LUND (ENDURO)

- Bodø Enduro nr 8
- Drammen Enduro nr 10
- Hafjell Enduro nr 11
- Enduro World Series i Italia nr 169



Sogndal 26. februar

Styreleiar Cathrine Stigen Bøen

Kasserar Stig Vattekar

Styremedlem Trond Sekse

Styremedlem Lars Erik Sannebro

Styremedlem Sondre Teigen Lillebostad